



Ei gruppe padla i dag og her rundar dei Neset

Då det skulle haldast ein basecamp for ungdom i fjor i turistforeningens regi her i bygda måtte han avlysast på grunn av sviktande deltaking. Slik er det ikkje i år. No er 24 ungdommar leia av 4 leiarar samla i Uskedalen fram til laurdag. Og når vi spør ein av turleiarane, Erik Warnestad frå Oslo, kvifor dei har satsa på Uskedalen er svaret klårt og smigrande:- Fordi det her er eit mangfald av moglegheiter!



[Deltakarar slappar av på Rabben etter dagens aktivitet.](#)

Deltakarane er mellom 16 og 19 år og mangfaldet er illustrert ved at 6 driv med padling, 6 klatrar oppe i dalen og 2 gruppar med 6 i kvar er i aktivitet på breen. Alle bur i telt på Rabben Feriesenter der dei stortrivs og har det skikkeleg sosialt saman.

Dei 24 kjem frå alle kantar i Sør-Noreg og campen er eit nytt prov på at Uskedalen har vind i segla som ferie- og aktivitetsstad.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen